




Foto: Hamish Moore

"DEI GAMLE FORTALDE at Hægefjell har namnet etter ei jente som heitte Hæge. Ho gjætte nord i heiane. Ein dag kom skodda så tett at ho snautt [knap] såg foten føre seg. Så gjekk ho seg fram på eit snautt [bart] fjell. Der ville ho roe kræturet [kyrne] og fann fram salt til dei. Småloga [sauer, geiter] skubba seg fram for å få sin del, og dermed skubba [dytta] dei til Hæge så ho ramla utfør fjellet og slo seg i hel. Dette er den mest vanlege soga om Hægefjell, men den rette tydinga er nok 'Det heilage fjellet'. Hægefjell skil seg ut på fleire måtar som høgt, fritt og imponerende. Eld og loge, eller andre former for å syne gudane age, var lett synlege derfrå."

Nissedal kultursoge (forf. Kjell Åsen)



Layout Nina Åkersveen / Trykk Erik Tanche Nissen AS

foto Nissedal kommune

NORSKE OG TYSKE KLATRARAR oppdaga dei unike fjella i Nissedal på slutten av 80-talet. Det majestetiske Hægefjell har dei siste 20 åra blitt eit av dei mest brukte klatrefjella i Noreg, med om lag 50 ulike ruter i alle vanskegradar. Ei av dei mest kjende rutene i Europa for uerfarne klatrarar finn du her: Via Lara. Deltakarane i den norske TV-serien "71 grader nord" prøvde seg på nettopp denne ruta i 2010.

Langs første delen av turløypa ligg det ein del kjempestore steinar. Dei blir brukte til klatring – eller buldring, som det heiter når ein klatrar på steinar utan sikring.



Vandrerregionen

www.vandretelemark.no

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Nissedal kommune med støtte frå



Nissedal – Telemark

TURMÅL Hægefjell

TEMA Topptur



Foto: Hamish Moore

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

BJØRNESTOGA nedanfor Landtaksdammen vitnar om at det var bjørn rundt Hægefjell i gamle dagar. Biletet er frå 1921.

Foto: Frå Frank Liens fotoarkiv



SVABERG: Nissedal er éin av tre innlandskommunar som har sør-landssvaberg, både ned mot innsjøen Nisser og oppe på fjella.

Foto: Hamish Moore



BEVEREN: Beveren er skogens eigen ingeniør og lagar store hus med inngang under vatn. Foto: Frode Bergan



GREPLYNG (Loiseleuria procumbens):

Mikroskopisk tre som lever der få andre artar klarer seg.

Foto: Hamish Moore



Om turen

Ein flott fjelltur for dei som er spreke til beins – det er bratt opp fjellet. Opplevinga startar alt ved Fjoneferja nede ved fylkesveg 41. Du startar vandringa langs grusveg, før du går inn i ein trolskog som raskt går bratt oppover mot fjellet. Grøn, mosekledd skogbotn og gammal skog, som minner om eventyrskog med tussar og troll. Oppe på fjellet møter du dei lette svaa, som gjer fjella i Nissedal så spesielle. Her er det bratt, men lett å gå opp til varden på toppen. Merka tursti vidare mot Vrådal (5 km).

PS: Ta med kikkert og bruk han ved parkeringsplassen ved Landtaksdammen. Sikt mot fjellveggen og sjå etter klatrarane som heng i vegg.

Køreforklaring

1) Du kan køyre til turmålet frå Vrådal og Treungen. Kjem du langs RV 41, ta av ved skilt som peikar mot Fjone. (ca. 20 km frå Vrådal og 20 km frå Treungen) og ta kabelferja over Nisser. Ferja køyrer kvar time 15. juni – 20. august. Ferjerute: www.fjonesundet.no



2) Du kan òg køyre til Fjone frå Treungen sentrum. Følg Fjonevegen (FV 354) i 21 km. Frå Fjone skule følgjer du køyreruta mot Hægefjell – men det er ei kuriøs oppleving å ta Noregs minste kabelferje over Nisser.



Betalingsbom. Hugs kontantar. Parkering ved Landtaksdammen. (GPS: N59°15.436' E008° 24.467')

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!

Kart:
Fyresdal Aust 1 : 50 000

NB: Hugs drikke, godt fottøy og vindjakke!



Tilgang:
mai til oktober
1021 moh

